

F5: Bevar lærarnorma!

Framleggsstillar: Sogndal SV

Vestland SV stør kravet om at lærarnorma skal oppretthaldast som eit nasjonalt, lovfesta minstekrav til tal elevar for kvar lærar på skulenivå og ikkje på kommunenivå. Kravet skal framleis vera minimum 1 lærar pr 15 elevar på 1.-4. trinn, 1 lærar pr. 20 elevar på 5. - 7. trinn og 1 lærar pr. 20 elevar på 8. - 10. trinn.

Grunngjeving

Å oppheva minstenorma for lærartettleik vil skapa store forskjellar mellom rike og fattige kommunar, og dermed for moglegheitene for barn og unge i heile landet til å få lik rett til utdanning. Lærarnorma fungerer i dag som eit sikringsnett som gir eit minimumsnivå av kvalitet og ressursar over heile landet. SV er redd for at dersom minstenorma vert fjerna eller skal gjelda på kommunenivå, vil det bety at mange kommunar vil trenga færre lærarar enn i dag og med det svekka lærartettleiken slik den er i dag. Ved innføring av lærarnorma vart det tilsett 2500 fleire lærarar. Erfaringar frå skulekvardagen viser at når det ikkje finst bindande krav på skulenivå, blir lærartettleik raskt eit spørsmål om økonomi og prioriteringar – ikkje om elevane sine behov.

Ei lærarnorm på skulenivå er ikkje eit uttrykk for mistillit til kommunane, men eit nødvendig minimumsvern for kvalitet og likeverd. Den sikrar at ressursane kjem elevane til gode der dei går på skule, og hindrar store skilnader mellom skular – også innanfor same kommune. Utan ei slik norm vil dei mest sårbare elevane vera dei første som tapar.

Lokalt handlingsrom er viktig, men kan aldri brukast som argument for å svekkje barn og unge sine rettar. SV skal vere garantisten for at fellesskulen ikkje blir bygd ned gjennom stille kutt og utydelege styringsgrep.